



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313
Gry Walle, 5557 2332
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Vår dato
30.03.2017
Dykkar dato
17.02.2017

Vår referanse
2017/2287 561
Dykkar referanse
11/6148

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Motsegn til bygging av Gjerstadvossen kraftverk i Osterøy kommune

Fylkesmannen fremjar motsegn mot bygging av Gjerstadvossen kraftverk ut frå omsynet til biologisk mangfald, kritisk trua elvemusling, anadrom fisk og friluftsliv. Tiltaket vil vere i konflikt med omsynet som ligg til grunn for vassdragvernet. Vilkårane er ikkje til stades for å opne for kraftutbygging.

Vi viser til høyringsdokument for utbygging av Gjerstadvossen kraftverk i Osterøy. Planen er å nytte søraustre del av nedbørsfeltet til Loneelva. Det er planlagt inntak på kote 239 med nedgrave rørgate 730 meter fram til kraftstasjon på kote 61. Kraftverket skal ha installert effekt på 0,99 MW og vil få ein årleg produksjon på 5 GWh.

Verna vassdrag og planstatus

Loneelva er eit verna vassdrag. Vernegrnlaget er eit lågareliggjande vassdrag på ei øy, der landskapet er prega av geologiske strukturar, Bergensbogane. Elva har stor verdi for biologisk mangfald, med intakt laksestamme, raudlista arter og eit variert og rikt kulturlandskap.

Det er eit nasjonalt mål å unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilete, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø i verna vassdrag, jf. rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, § 3. Nye anlegg i verna vassdrag kan berre tillast dersom omsynet til verneverdiane i vassdraget ikkje talar imot, jf. vassressurslova § 35 nr. 5. Stortinget har opna for ei avgrensa utbygging i verna vassdrag. Søknader må vurderast spesielt opp mot vilkåra, at installert effekt skal vere under 1 MW, og utbygginga ikkje i strid med verneverdiane i vassdraget.

Loneelva ligg i LNFR-område i kommuneplanen for Osterøy. Det er fastsett eigne retningslinjer for arealbruken langs Loneelva og 50 meter frå vassstrengen, med krav om å vurdere tiltak som kan få konsekvensar for elvemuslingen.

Gjerstadelva utgjør 15 % av samla nedbørsfelt i Loneelva, men samstundes gir denne delen av vassdraget ein vesentleg del av vatnet i øvre del av vassdraget.

Tekniske planar

Inntaket er planlagt under ei bru på vegen til garden Hovdo. Det må sprengjast ei grøft om lag 5 meter ned i elva for å få lagt røyret i nødvendig djupne. Grøfta vil vere 50 meter lang. Søkjar meiner at innretninga ikkje vil føre til problem med gassovermetning, men viser og til at det vil blande seg med vatnet i Hartveitelva nedanfor kraftstasjonen.

Røyrgata med lengde på 730 meter skal gå gjennom ei ur, dyrka eng, beiteområde og plantefelt, og må sprengast ned deler av strekninga, opp til 4 meter ned. Søkjar meiner at traseen treng 6 – 14 meter breidde. Tiltakshavar og andre grunneigarar ønskjer å nytte overskotsmassar i lokale tiltak, som veg og planering.

Kraftstasjonen er tenkt plassert i utkanten av dyrka mark ovanfor Gjerstad kyrkje. Det må byggjast 180 meter ny veg fram.

Middelvassføring er estimert til 0,93 m³/s, og minstevassføring er sett til 52 l/s heile året, tilsvarende alminneleg lågvassføring. Som referansefelt for hydrologiske målingar har ein brukt Røykenesvassdraget i Os kommune. For å unngå raske variasjonar i vassføring nedanfor kraftverket skal det installerast omløpsventil.

Søkjar si omtale av verknader for miljø og naturressursar

Søkjar viser til at Loneelva er verna, men meiner at tiltaket ikkje er i konflikt med den generelle verngrunnlaget. Han meiner at samla verknader for utbygginga gir liten negativ konsekvens, medan konsulenten i noko større grad viser til konflikt med ulike interesser.

Loneelva er lakseførande fram til Presttun, like nedanfor utløpet til planlagt kraftstasjon. Som avbøtande tiltak har konsulenten foreslått å flytte kraftstasjonen nærare fossen. Anadrom fisk opptrer sjeldan i øvre del av vassdraget, og bunnsubstratet her er i følgje søkjar ikkje eigna som gyteområde. Han meiner samla sett at fisk ikkje blir råka av tiltaket. Vidare reknar han heller ikkje at omsyn til elvemusling er relevant i det aktuelle strekninga. Det blir vist til at utbygginga kan forverre hekkesituasjonen for fossefall og vintererle. Som avbøtande tiltak er vist til foreslått minstevassføring og rugekassar. Konsulenten meiner tiltaket vil få *middels negative* konsekvens for biologisk mangfald.

Tekniske inngrep vil ifølgje søkjar vere lite synlege, som meiner at inntaksområdet kan bli eit fint landskapselement. Fosselandskapet vil bli redusert, særleg nedre del av fossen. Søkjar viser til at det vil vere mange dagar med stor vassføring også etter utbygging. Konflikt med landskap er sett til *liten negativ*. Omsynet til friluftsliv og opplevingsverdi vert vurdert som *liten positiv* då søkjar meiner folk vil «fylgje med ting som skjer» i anleggstida. Når det gjeld mogleg ureining i samband med anleggsverksemd står det at «elva kan bli brun av slam og sand, men ho renskar seg nok etter nokre timar».

Fylkesmannens merknader

Loneelva er eit låglandsvassdrag med nasjonale naturverdiar. Fylkesmannen meiner at måleseriar frå Røykenes i Os ikkje gir sikre nok datagrunnlag for bruk i Loneelva. Hydrologien i vassdraget er ikkje er tilstrekkeleg kjent til å fastsette nødvendig minstevassføring eller for å foreslå avbøtande tiltak mot verneinteressene i Lonevassdraget.

Elvemusling er ein truga dyreart, med stort internasjonalt og nasjonalt fokus, og er oppført på den nasjonale raudlista (VU). Det er registrert to populasjonar av elvemusling i Lonevassdraget. *Auremusling* er i dag etablert i Svenheimselva lenger oppe i vassdraget, medan vi finn *laksemusling* lenger nede ved Lono i Loneelva. Tilstanden for begge populasjonane er i dag kritisk trua.

Hausten 2013 etablerte Fylkesmannen «Bergingsaksjon for elvemusling i Hordaland». Dette er eit samarbeid med Universitetet i Bergen, Rådgivende Biologer og kommunane i Hordaland. Hovudgrepa er styrking av dei einskilte bestandane gjennom avl i det nasjonale elvemuslinganlegget på Austevoll og betring av vasskvalitet i vassdraga. Elvemuslingane skal reetablerast som levedyktige bestandar til resten av vassdraga der den tidlegare var etablert. Ein sentral del av dette prosjektet har vore å redusere uheldig landbruksavrenning til elvemuslingvassdraga gjennom «Miljøplan Elvemusling», og gardsbruk kring Lonevassdraget er ein del av dette miljøprogrammet.

Det er godt kjent at elvemusling er særleg sårbare for sedimentering og tilslamming av elvesubstratet. Erfaringar frå det nasjonale elvemuslinganlegget i Austevoll, viser at også elvemusling er sårbare for gassovermetning av vatnet. Spesielt dei yngste elvemuslingane. Det er eksempelvis påvist bobler i skalet, til dei minste elvemuslingane som resultat av gassovermetning (professor Per Johan Jakobsen pers. med.). Desse elvemuslingane hadde også vanskar med å plassere seg i elvegrusen på grunn av endring av eigenvekta. Det er endå ikkje kome erfaringar om det auka dødelegheita på elvemuslingar som fylgje av dette, men Jakobsen vurderer det som sannsynleg.

Store delar av Lonevassdraget er frå før sterkt prega av tilførsle og sedimentering av organisk materiale på elvebotnen¹. I dag ser vi at førekomst til begge elvemuslingpopulasjonane er sterkt avgrensa til parti av vassdraget med høg vassføring, fordi det er nettopp her det mindre sedimentert materiale og betre tilgang til oksygen.

I tråd med bergingsaksjonen skal det i 2017 setjast ut unge elvemuslingar frå elvemuslinganlegget like nedstraums planlagt utløp til Gjerstadfossen kraftverk. Anleggsarbeid vil føre til betydeleg mengder partiklar vidare nedover i vassdraget, som etter kvart vil sedimenterast på elvebotnen nedstraums der elvemuslingen skal reetablerast.

Bygging og drift av Gjerstadfossen kraftverk vil gje ei auka risiko for negative påverknader på elvemuslingen som allereie er kritisk trua i Lonevassdraget. Det er sterkt uheldig. Vi meiner derfor det må leggest stor vekt på føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova ved avgjerd i denne saka.

Loneelva er einaste laksevassdrag i Osterøy, og har ein unik laksestamme. Det er store lokale og regionale interesser knytt til friluftsliv og fiske i vassdraget.

Inntaket er ikkje er planlagt på ein måte som sikrar mot at luft ikkje kjem inn i anlegget. Utsleppet frå kraftstasjonen ligg rett ovanfor anadrom strekkje. Planlagt utbygging vil etter vår oppfatning representere ein reell fare for problem med gassovermetning, og dette er uakseptabelt i anadrom del av vassdraget.

¹ Rådgivende Biologer AS Rapport nr 2192- 2016: Lonevassdraget i Osterøy Tiltaksovervaking 2014 – 2015.

I søknaden er konflikt med vesentlege natur- og friluftsiresser undervurdert. Det må leggjast vekt på eigenverdi knytt til dette kystnære vassdraget. I tillegg til dei biologiske verdiane er har elva opplevingsverdiar knytt til allment friluftsliv, fritidsfiske, turgåing og landskap. Det er ikkje gjort utfyllande greie for desse interessene i søknaden.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til intensjonen i vassdragsvernet, og meiner det ikkje er grunnlag for utbygging av eit låglandsvassdrag av denne type. Målet for vassdragsvernet er å forvalte vassdraget som eit heilskapleg økosystem.

I planar for bygging av Gjerstadfossen kraftstasjon er det ikkje lagt fram data som fastslår at utbygginga ikkje kjem i konflikt med nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til elvemusling, anadrom fisk og anna biologisk mangfald, friluftsliv og landskap. Fylkesmannen viser til at det er lagt ned store ressursar i å sikre laksebestanden og den sterkt truga elvemuslingen. Redusert vassføring og fare for forureining er bagatellisert i søknaden.

Vilkåra for å opne for kraftutbygging i vassdraget er etter vår vurdering ikkje til stades i denne saka. Fylkesmannen fremjar motsegn mot bygging av Gjerstadfossen kraftverk.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Osterøy kommune	Rådhuset	5282	Lonevåg
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN